



Årsmelding for 2025 frå turngruppa i Hareid IL

Styret har sidan årsmøtet i 2025 og fram til februar 2026 hatt følgande samansetjing:

Leiar: Lars Grimstad Øvrelid

Nestleiar: Alice Strømmegjerde

Styremedlem: Eldrid Emdal Fure

Styremedlem: Elisabeth Flø

Styremedlem: Stian Moldskred

Styremedlem: Thor-Ove Brekke

Styremedlem: Robin Grimstad Fure

Styremedlem: Frida Systad Digranes

Vara:

Marita Håbakk

Valnemnd:

Ragnhild Indreeide Grimstad

Synnøve Kvalsund

Medlemstal og aktivitet

Hareid IL Turngruppe har i 2025 hatt mellom 270 og 280 aktive gymnastar. Desse er fordelt på fleire ulike parti og nivå: gymleik, førskuleparti, 1. klasse, 2.–3. klasse, 4.–5. klasse, 11 år og opp, aspirant, miniaspirant, kretsparti samt regionale og nasjonale parti. Aktiviteten i gruppa er høg, og turngruppa tilbyr eit breitt tilbod til barn og unge i ulike aldrar og ferdigheitsnivå. Det gode medlemstalet viser at interessa for turn er stor i Hareid, og at tilbodet er viktig for mange i lokalmiljøet.

Økonomi

Økonomiåret til turngruppa har vore stabilt og jamt godt. Samanlikna med 2024 ser ein likevel ein liten nedgang i overskotet ein sit igjen med. Dette kjem i stor grad av generelt høgare kostnader på fleire postar.

I løpet av året har gruppa hatt større utgifter til mellom anna:

- innkjøp til arrangement
- utstyr (det er kjøpt inn meir nytt utstyr enn i 2024)
- honorar og lønnskostnader
- reparasjonar på og i hallen (ventilasjon, låssystem)

Samtidig har inntektene frå treningsavgifter vore lågare enn tidlegare.

Likevel er det fleire positive forhold å trekke fram. Den store dugnadsinnsatsen rundt arrangementa våre gjer at gruppa sit igjen med eit godt overskot etter ei slik gjennomføring. Inntekter frå påmelding, kiosk og billettar er viktige bidrag i økonomien. Støtta frå sponsorar knytt til hallen og arrangementa våre er og viktige bidrag. Desse bidraga er svært viktige og gjer at turngruppa kan halde fram med å utvikle seg.

Arrangement

Årets største arrangement var Barnekretsturnstemnet 2025, som vart arrangert i Hareidshallen 24.–25. mai. Arrangementet samla åtte tilreisande lag og totalt om lag 540–550 gymnastar. Helga var fylt med flotte stemneprogram framført av barn og unge i alderen 6–22 år.

Trenarane i Hareid IL turngruppe la ned ein enorm innsats i forkant av stemnet. I fleire veker arbeidde dei med å setje saman eit stemneprogram for om lag 90 gymnastar frå Hareid. Programmet måtte tilpassast alder, ferdigheiter, erfaring, samspel, musikk og tema, og inneheldt eit breitt spekter av element og variasjonar. Alt dette arbeidet vart gjort på dugnad, etter skule, jobb og ordinære treningar. Dette eit sterkt bevis på det store engasjementet trenarane har for sporten og gymnastane.

I konkurranseklassen Show & Oppvisning vann Hareid IL turngruppe med dansen «Håp». Stemneprisen for 2025 gjekk til Hødd Turn. Publikum fekk oppleve ni imponerende og kreative program.

Landslaget på besøk

I sommar fekk Hareid IL turngruppe storfint besøk då kvinnelandslaget i turn, både junior og senior, la treningssamlinga si til Hareid. Frå måndag til fredag hadde landslaget daglege treningsøktar i basishallen.

Besøket var både inspirerende og lærerikt for klubben. Veret tillot det, så det vart både fjelltur og ein tur i sauna. Turngruppa er svært stolte over at landslaget valde å legge samlinga si til Hareid.

Konkurransar

Regionskonkurranse Molde 01.03.2025

I mars deltok fleire av turngruppa sine gymnastar på konkurransar. Mellom anna deltok Hareid IL turngruppe på regionskonkurransen i Molde med både aspirantgutar, rekruttjenter og -gutar, samt klassegymnastar.

Mange av gymnastane stilte med nye øvingar, og fleire oppnådde nye personlege rekordar. Det vart vist mange flotte prestasjonar i alle apparat. Deltakinga i Molde markerte starten på årets konkurransesesong.

Turn Kvinner:

11 år: Lena Dorosz, 21. plass i mangekamp 25.250, Mila Afanasieva Røyset, bom 6.950

12 år: Mia Slettebakk, 21. plass i mangekamp 32.800

Klasse 1: Tiril Urke Reite- 9. plass 40.450, Maja Flø Nettet- 12. plass 38.850, Karoline Eiken Vatne -16. plass 37.300, Celine Haddal- 28.plass 28.850, Eline Dyrvik- 32. plass 27.200

Klasse 2: Madelen Djupvik- 7. plass 42.200, Tora Hovden-14. plass 37.600, Madeleine Almli Moldskred- 16. plass 37.200, Isabell Håbakk Moldskred- 18.plass, Alva Emdal Fure- 21. plass 23.350 (kun 3. apparat)

Klasse 3: Hedda Berg Hoff- 6. plass 40.550

Turn menn:

11-12 år: Trym Urke Reite- 8.plass 45.450

Norgescup i Ski 08.-09.03. 2025

Helga etter deltok konkurransejentene frå Hareid IL turngruppe på årets første nasjonale konkurranse - Norgescup i Ski. Her deltok over 200 gymnastar frå heile landet, og nivået var høgt. Gymnastane konkurrerte i apparata hopp, skranke, bom og frittstående.

Klasse 1: Maja Flø Nettet- 61.plass 38.900, Tiril Urke Reite- 66.plass 38.550, Celine Haddal 94. plass 31.450

Klasse 2: Madelen Djupvik-36. plass 41.550, Alva Emdal Fure-66. plass 28.85 (3. apparat)

Kretsmesterskap i Kristiansund 06-09.2025

Her hadde vi med fleire aspirantar i tillegg til rekrutt og klasse gymnastar.

Rekrutt 11 år: Mila Afanasieva Røyset- 4. plass i mangekamp 40.900 og . 2plass skranke 10.000

Klasse 2: Madelen Djupvik- 4. plass 42.450

Klasse 3: Hedda Berg Hoff- 6. plass 18.850 (kun 2. apparat)

Norgescup Trondheim 27.-28.09. 2025

Klasse 1: Karoline Eiken Vatne- 94.plass 17,200 (kun 2. apparat)

Klasse 2: Madelen Djupvik- 42. plass 41.800

Klasse 3: Hedda Berg Hoff- 24. plass 30.150 (kun 3. apparat)

Regionsfinala i Ålesund 11.10.2025

Her hadde vi med fleire aspirantar i tillegg til rekrutt og klasse gymnastar.

Rekrutt 11 år: Mila Afanasieva Røyset- 5. plass i mangekamp 40.300 og 3. plass skranke 11.000, Lena Dorosz- 21. plass 32.800

Klasse 1: Tiril Urke Reite- 9.plass 39.350, Maja Flø Nettet- 14. plass 38.100, Karoline Eiken Vatne 35.100

Klasse 2: Madelen Djupvik 11.plass 40.300

Norgesfinalen i turn i Narvik 15.-16.11. 2025

Karoline Eiken Vatne 31. plass i mangekamp 38.400. Ho deltok på kretslaget i Norgesfinalen, laget kom på ein 4. plass

Klubbkonkurranse og juleoppvisning

Ved månadsskiftet november/desember vart det arrangert ei intern klubbkonkurranse. Arrangementet vart svært vellukka og gav gymnastane høve til å vise fram det dei har arbeidd med gjennom hausten. Med eit engasjert publikum vart dette ei flott oppleving for både små og store gymnastar.

Turnåret vart avslutta med den tradisjonelle juleoppvisninga. Her fekk både små og store turnarar vise fram kva dei har øvd på gjennom sesongen. Arrangementet samla mange publikummarar og skapte god julestemning i hallen.

Avslutning

Avslutningsvis ønskjer Hareid IL turngruppe å rette ei stor takk til alle som bidreg i arbeidet rundt gruppa. Trenarar, føresette, frivillige og støttespelarar legg ned ein enorm innsats gjennom året. Utan denne frivillige innsatsen ville det ikkje vore mogleg å tilby eit så omfattande og godt aktivitetstilbod til barn og unge i Hareid.

Turngruppa ser tilbake på eit aktivt og innhaldsrikt turnår i 2025, og ser fram til eit nytt år med meir turnglede, meistring og aktivitet.